


Sjå ny video frå dramaet. Connor: – Blir frarøva poeng

Skrive av administrator

laurdag 05. oktober 2019 18:35 - Sist oppdatert laurdag 05. oktober 2019 20:45



[_ Angrep på keeper? _](#)

Asle Klock i Vestnesavisa filma overtridsdramaet i Vestnes idrettspark frå posisjon rett bak mål. [Her kan du sjå situasjonen alle snakka om etter kampen mot KBK 2.](#)

Til avisa seier Vestnes Varfjell-trenar dette etter kampen:

– Vi fortente mykje betre. Eg synest vi var kjempegode defensivt. Vi skapar ikkje så mykje, men det gjer eigentleg ikkje dei heller. Vi blir frarøva eit poeng. Det er kjempetrist. Vi organiserer oss bra og speler med god struktur. Det er sterkt av gutta å kome tilbake når vi ligg under. Det viser kva som bur i oss. Vi gjer ein kjempejobb. Så fortener vi meir, seier Alexander Connor, trenaren til VVIL.